



Flott innsats av G16-laget.

G16 - laget til Rosendal/Uskedal heldt fram å imponera då sluttspelkampane starta onsdag. Frå no er det cupspel, altså vinn eller forsvinn. Laget, der Sondre, Torstein og Marius Myklebust er med, vann den jamne kampen mot Nordstrand 99ers 2 - 1, og dermed er dei klare for 1/8-dels finale i dag, torsdag.

Det stod lenge 1 - 1 i den spennande kampen etter at Sondre Myklebust hadde scora på straffe. Det avgjerande målet vart sett av midtbanestrategen Marius Myklebust på eit flott langskot. Vi gratulerer laget og ønskje dei lukke til.

Dei to andre laga som kom til A-sluttspel, G13 og G14, tapte og dermed er Norway Cup-eventyret over for dei i år.

I B-sluttspelet vart det 3 tap og 2 singlar, og dermed er laga i G19 og J13 klare for nye kampar i dag. På j13-laget spelar Thea S. Taranger, Hanna Tvilde og Ida Marie Eidsvik frå Uskedalen. Vi ønskjer begge laga lukke til.

For meir utførlege kamprapportar viser eg til facebookside til Rosendal turnlag, medan de finn ei grei oppsummering [på heimesida deira](#).



[SAmling i pausen.](#)

Tekst og nett: Thor Inge Døsland
Foto: Rosendal turnlag